

STYREPROTOKOLL

Torsdag **23. februar 2023** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantina
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 18.10
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Ernst Morgan Endresen, og Astri Furumo
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie
INNKALLING:	Godkjent
SAKSLISTE:	Godkjent

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.12.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 07.12.22 blir godkjent.

Styrehandsaming 23.02.23:

Styret hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak 23.02.23:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 07.12.22 blir godkjent.

SAK 02/23 REGNSKAPSRAPPORT PR. 31.12.22

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.12.22 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 23.02.23:

Leiar kommenterte resultatet. Det var som forventa eit meirforbruk i 2022, som i all hovudsak er knytt til kostnadene med rekruttering av ny dagleg leiar og rådgjevar.

Samrøystes vedtak 23.02.23:

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.12.22 for HKS IKS til orientering.

SAK 03/23 ÅRSOPPGJER 2022 OG UTKAST TIL ÅRSMELDING FOR 2022

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga slik den ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Styret godkjenner årsrekneskapen 2022 for HKS IKS slik det ligg føre med eit negativt årsresultat på kr 186 258.

Styret vil gjere framlegg om at årets underskot vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.

Styrehandsaming 23.02.23:

Styreleiar og dagleg leiar kommenterte årsoppgjeret og framlegg til årsmelding. Styret støtta styreleiar sitt framlegg om å føye til at styrehonorarer inneheldtapt arbeidsforteneste til leiar i samanheng med rekrutteringsprosessen under note 2.

Dagleg leiar opplyste at det blir årsrapporten 2022 frå Addera som blir sendt inn til Brønnøysundregisteret. Årsmelding 2022 med styret si melding blir lagt fram for representantskapet.

Den signerte årsrapporten blir sendt til KPMG AS for revidering. Saka kjem opp att i neste styremøte saman med revisjonsmeldinga.

Styret hadde nokre kommentarar til årsmelding 2022 og styret si melding. Dagleg leiar vil oppdatere meldinga, og styret vil få den til endeleg godkjenning i neste møte.

Samrøystes vedtak 23.02.23:

Styret godkjenner utkast til årsmeldinga med nokre mindre korrigeringar.

Styret godkjenner årsrekneskapen 2022 for HKS IKS slik det ligg føre med eit negativt årsresultat på kr 186 258.

Styret vil gjere framlegg om at årets underskot vert dekkja inn av selskapet sin eigenkapital.

SAK 04/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 23.02.23

1. NKRF konferansen 2023, 1. - 2. februar på Gardermoen – SKH og OGH
2. FKT sin Sekretariatskonferanse 21. - 22. mars 2023 på Lillestrøm - SKH
3. FKT Fagkonferanse 31. mai - 1. juni 2023 i Trondheim – SKH og OGH
4. «IKS må fortsatt rapportere manuelt til Brønnøysundregistrene» – artikkel frå Samfunnsbedriftene 26.01.23
5. Orientering om oppstart av strategiarbeid – frå IKA IKS
6. Protokoll frå styremøte i IKA 07.12.22

Styrehandsaming 23.02.23:

Dagleg leiar orienterte om sakene. Styret hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak 23.02.23:

Referatsakene 1 - 6 blir tatt til orientering.

SAK 05/23 STATUSOVERSIKT PR. FEBRUAR 2023

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. februar 2023 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 23.02.23:

Dagleg leiar orienterte om sakene som var omtala i saksframlegget.

Dagleg leiar hadde vore i kontakt med Addera (rekneskapsfirma). Han orienterte om fordeler og ulemper med meir digitalisering av rekneskapsfirmaet. Styret meinte det vil vera bra med meir digitalisering, men at det kunne gjennomførast over litt tid.

Dagleg leiar orienterte også om behovet og ønskje om at sekretariatet fekk eit saks- og arkivsystem. Det har vore etterlyst sjå mellom anna politikarar og politiske sekretærar over fleire år. Styret støtta arbeidet med å få på plass eit slikt program. Dagleg leiar vil undersøkje korleis det kan løysast reint teknisk og kostnadsrammer.

Samrøystes vedtak 23.02.23:

Statusoversikt pr. februar 2023 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker var meldt i forkant eller blei tatt opp.

Neste styremøte: onsdag 29.03.23, kl. 16.00

Aksdal, 23. februar 2023

Siv Bente Stople Østbø
Styrelleiar

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar